



Arkivnr: 2015/8927-2
Saksbehandlar: Gerd Eva Napsøy

Delegert saksframlegg

Fylkesdirektør samferdsel etter fullmakt

TILDELING AV DROSJELØYVE R-224 TILKNYTT ODDA TAXILAG AS

Samandrag

Drosjeløyve R-224 og reserveløyve R-888 tilknytt Odda Taxilag AS vart kunngjort i pressa 04.09.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut 25.09.2015 hadde det meldt seg ein søkjar til drosjeløyve R-224. Det var ikkje søkjarar til reserveløyve R-888.

Yrkestransportlova og forskrift om yrkestransport vert lagt til grunn i samband med denne tildelinga.

Etter å ha vurdert saka finn fylkesdirektør samferdsel å kunne fatte følgjande

vedtak

Med heimel i yrkestransportlova §§ 4 og 9, jf. forskrift om yrkestransport § 43 vedtar fylkesdirektør samferdsel å tildele drosjeløyve :

1. R-224 til Jan Erik Eidnes.

Det skal installerast taksameter i bil registrert på drosjeløyve R-224. Det skal registrerast bil med inntil 9 personar på løyve. Det skal setjast bil i drift på løyve innan 24.12.2015.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Gerd Eva Napsøy
spesialkonsulent

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesdirektør samferdsel, 04.11.2015

1. Samandrag

Drosjeløyve R-224 og reserveløyve R-888 tilknytt Odda Taxilag AS vart kunngjort i pressa 04.09.2015. Innan søknadsfristen gjekk ut 25.09.2015 hadde det meldt seg ein søkjar. Det var ikkje søkjarar til reservedrosjeløyve R-888.

2. Lovheimel

Lov om yrkestransport og forskrift om yrkestransport, vart lagt til grunn i denne tildelinga.

Det følgjer av yrkestransportlova § 4, 2. ledd at ledig drosjeløyve skal tildelast den som har

1. god vandel
2. tilfredsstillande økonomisk evne og
3. tilstrekkeleg fagleg kompetanse.

Desse krava må oppfyllast før løyve kan tildelast. Desse krava gjeld uavhengig av lengda på ansienniteten. Fylkesdirektør samferdsel har ikkje heimel til å gjere unntak frå desse reglane.

Er det fleire som oppfyller desse krava gjeld ansiennitetsprinsippet i forskrifta § 43, slik at det då vil vere lengda på den einskilde søkjaren sin ansiennitet som er avgjerande for tildeling av løyve.

God vandel skal ifølgje forskrifta § 6 dokumenterast med politiattest. Ny vandelskontroll vert tatt kvart tredje år.

Tilfredsstillande økonomisk evne inneber at søkjar skal leggja fram attest frå kemner/kommunekasserar, attest frå Konkursregisteret og garanti frå bank eller finansieringsinstitusjon.

Tilstrekkeleg fagleg kompetanse inneber i følgje forskrifta § 8 at søkjaren må leggja fram vitnemål frå det obligatoriske drosjeløyvekurset.

3. Fylkesdirektør samferdsel si vurdering

Jan Erik Eidnes har ei samla ansiennitet frå drosjeyrket på 4 år, 8 månader og 5 dagar. Han har lagt fram tilfredsstillande attest frå Konkursregisteret, politiattest og økonomisk garantierklæring. Etter å ha vurdert saka i samsvar med forskrifta §§ 4 – 8 finn såleis fylkesdirektør samferdsel å kunne tildele drosjeløyve R-224 til Jan Erik Eidnes. Drosjeløyve R-224 skal vere tilknytt Odda Taxilag AS.

Det skal vere sett bil i drift på drosjeløyve R-224 innan **24. desember 2015**.